



Sogn og Fjordane KrF
Stortingsvalet 2017

INFORMASJON



Foto: FilipFilm, Daniel Mork

Menneskeverd
i
sentrum



VI  FAMILIE

Verdiar som varer, verdiar som varmar



Tore Storehaug

1. kandidat • 25 år • Lærer • Askvoll

Det er i sentrum du finn dei gode løysingane

Vi treng eit parti som står opp for mennesket sin verdi og den kristne kulturarven. Vi har fått til ein opptreppingsplan mot vald mot born, auka eingangsstøtte og kontantstøtte, satsing på fleire lærarar, høg utviklingshjelp og ei landbruksmelding med ambisjonar for bonden si inntekt. Vi er på ingen måte i mål – KrF vil meir!

Mitt **KrF** brenn for:

- Ein politikk som gir familiane tid og tillit til sjølv å velje kva som er best for dei
- Ein distriktpolitikk som sikrar likeverdige tilbod, utflytting av statlege arbeidsplassar, breibandsløft, rassikring og landbruk i heile landet
- Ein skulepolitikk der vi prioriterer fleire lærarar per elev, slik at det blir meir tid til å sjå kvar enkelt



Trude Brosvik

2. kandidat
Kyrkjeverje
56 år
Gulen

På lag med familien

KrF vil sikre familiane tid og ressursar og hegne om foreldra si viktige rolle. Vi treng eit særleg løft for sårbare og utsette barn, for det viktigaste vi gjer er å prioritere borna. Ein god barndom varer livet ut!

Mitt **KrF** brenn for:

- Å fjerne barnefattigdom, ma ved å auke barnetrygda monaleg. Ved å omfordele via skattesetelen, vil vi sikre at dei som treng det mest, får mest.
- Auka eingangsstønad for dei som ikkje får foreldrepermisjon



Stein Robert Osdal

3. kandidat
Ordfører
44 år
Selje

Betre distriktpolitikk

Lokalsamfunn over heile landet skapar store verdiar, både materielle og ikkje-materielle. KrF sin distriktpolitikk seier nei til tvangssamanslåing av kommunar, og vil ha ei betre fordeling av statlege arbeidsplassar i landet. God kommuneøkonomi og næringspolitikk er med å skape gode lokalsamfunn i heile landet.

Mitt **KrF** brenn for:

- Ein aktiv og god næringspolitikk som legg til rette for innovasjon og nye arbeidsplassar
- Eit varmare samfunn som set menneske i sentrum. Alle skal ha same moglegheit til å bidra ut i frå evnene sine

Dette vil Tore kjempe for på Tinget

Samferdsle

For næringslivet og vi som bur i Sogn og Fjordane er vegnettet, rassikring og god kommunikasjon langs kysten umåteleg viktig. KrF er med på ein ambisiøs nasjonal transportplan som har ei høg ramme for rassikring, og for første gang fullfinansiering av Stad Skipstunnel. Ei stemme på oss er ei stemme på betre kommunikasjon i distrikta.

Landbrukspolitikk

Bøndene er viktige i Sogn og Fjordane. Ikkje berre står dei for sysselsetting av seg sjølv og næringsmiddelindustrien, men held i hevd tradisjonar, busetjing og matjord. I fylket vårt er snittbruket mindre enn andre plassar. KrF vil ha ein politikk som løftar dei små- og mellomstore bruka ma gjennom ei investeringspakke. Det er viktig at bøndene får ei inntektsutvikling som tettar gapet mot andre yrkesgrupper.

Næringspolitikk

Det er ikkje politikarane som skapar arbeidsplassane. Vår oppgåve er å legge til rette på ein best mogeleg måte for dei som gjer det. Det handlar om infrastruktur, der særleg breibandsdekning og mobildekning er viktig å løfte i områda der dette ikkje er godt nok i dag. Det handlar og om gode støtteordningar for gründerar, og om forskning og utvikling. KrF vil fjerne formueskatten på arbeidande kapital som traktorar, maskiner og truckar.

KrF vil arbeide for ei regjering med flest mogeleg av sentrumspartiar og partiet Høgre. Den politiske avstanden er for stor til at KrF kan gå i regjering med FrP. Dersom eit regjeringssamarbeid sentrum/Høgre ikkje er mogeleg etter valet, må KrF søkje andre gjennomslag for vår politikk og mest sannsynleg velje opposisjon.

Foto: Filipfilm Daniel Mork



Neste periode kjem viktige saker til avgjerd i Stortinget, og der kan KrF bli avgjerande for utfallet.

- Søndagsopne butikkar? Eller skal søndagen framleis vere annleisdag? KrF meiner felles frisdag er viktig for arbeidstakaren, familiar, fellesskapet, kulturlivet, frivillige organisasjonar og folkehelsa. Kampen om søndagen er ikkje over!
- Menneskeverdet er under press frå enkeltpersonar og samfunn som meiner alt skal vere perfekt og effektivt. Aukande vilje til å prioritere bort foster med sjukdom, tvilling-abort eller å opne for aktiv dødshjelp er alle saker det nye Stortinget vil få til avgjerd. For KrF er menneskeverdet ukrenkeleg, og vi vil kjempe mot alle forsøk på å sette prislapp på livet, og for å skape eit samfunn som aksepterer eit gradert menneskeverd.
- Trusfridomen blir utfordra. Skal det vere lov å leve ut trua si i det offentlege rom? Enkelte tar til orde for å nekte andre å bere kross eller andre religiøse

symbol. Andre meiner tru er privatsak, og berre skal finne stad innanfor kyrkjedøra eller heime. KrF meiner tru er ein del av kvardagen til folk, og at dei derfor må få vise det i det offentlege rom.

- Mange vil fjerne skulegudstenestene. KrF meiner det er viktig at born og unge lærer om kva kyrkja og kristendommen har betydd for utviklinga av samfunnet vårt. Særleg viktig er det å bli trygg på eigen ståstad i møte med andre religionar og kulturar.
- Gjennom siste fireårsperiode har KrF vore avgjerande for at også einslege og minstepensjonistar har fått lønsutvikling. Der dei andre har gått for reduksjon av skatt, har vi styrka dei som ikkje har så mykje at dei betaler skatt.

I desse sakene, og i mange fleire store og små saker, utgjer KrF ein skilnad. Viss du er einig med oss, så stem KrF. Vi har klart mykje denne perioden med våre 10 stortingsrepresentantar. Vi klarer endå meir viss vi blir fleire.

Stem KrF viss du vil ha KrF-politikk og verdiar som varer!

10 gode grunnar til å røyste KrF

Verdiar som varer

KrF vil ta vare på den kristne kulturarven. Kjenner vi røtene våre, er vi også tryggare i møte med nye menneske og kultur. Menneskeverd, nestekjærleik og forvaltaransvar er verdiar å byggje framtida på. Det er verdiar som held.

Tid og valfridom til familien

Familiar må få meir tid til kvarandre. Barn er ulike, og familiar er ulike. KrF vil gje valfridom og fleksibilitet til å organisere kvardagen med gode barnehagar, betre kontaktstøtte, ei betre barnetrygd og permisjonsordningar som gjev tid til barna.

Meir tid til kvar elev

KrF vil lovfeste at det skal vere maksimalt 15 elevar per lærar i småskulen, så fleire blir sett. Skulen skal vere ein arena for kunnskap, men evne til samarbeid og gode verdiar er òg viktig for å meistre livet. Vi vil ha fleire yrkesgrupper inn i skulen og halde fram kampen mot mobbing.

Menneskeverd i alle fasar av livet

Alle menneske er like mykje verd. Ingen skal bli sortert bort! KrF seier nei til tvillingabort og ja til betre hjelp og stønad til dei som får barn som treng ekstra hjelp. Vi vil betre omsorga i den siste fasen av livet og seier nei til aktiv dødshjelp.

På lag med dei som treng det mest

Vi vil jobbe for eit inkluderande arbeidsliv der alle får bruke skaparevnen og talenta sine. Ingen skal bli gitt opp! Vi vil bidra til aktiv integrering av flykningar og innvandrarak. Vi vil gje gode tilbod om hjelp for dei som slit med rus eller psykisk helse. KrF vil kjempe mot vald og overgrep mot barn.

Verdig alderdom

Eldre er ein stor ressurs for samfunnet og skal kunne leve sjølvstendige, aktive, trygge liv og halde seg friske så lenge som mogleg. Når trongen etter hjelp melder seg, skal eldre få tilbod om helsetenester, eigna buform og anna støtte.

Levande distrikt

KrF vil ta heile landet i bruk! Vi vil kjempe for eit livskraftig landbruk, tryggare vegar og betre transportløyningar, og meir utbygging av breiband. Statlege arbeidsplassar må bli fordelt over heile landet.

Verdiskaping og skaparkraft

KrF vil leggje til rette for ny skaparkraft. Næringslivet og norsk eigarskap må bli gitt rammevilkår som kan sikre arbeidsplassane og leggje grunnlag for nye. Vi vil fjerne skatt på arbeidande kapital. KrF vil ha gode ordningar for næringsutvikling og gjere det enklare å starte nye verksemdar.

Ein offensiv klimapolitikk

Noreg må ta ansvaret sitt for å redusere klimaendringane, både ved å kutte i utsleppa nasjonalt og å bidra aktivt internasjonalt. Vi må intensivere omlegginga til nye fornybare energikjelder. Vi skal verne om sårbare område. KrF seier nei til oljeboring i Lofoten, Vesterålen og Senja.

Nestekjærleik utan landegrensar

Vi må aldri bli oss sjølv nok! KrF står i front i kampen mot menneskehandel – slaveriet i vår tid – både i Noreg og internasjonalt. Vi har eit ansvar for å hjelpe dei fattige og forfølgde i verda. KrF vil auke innsatsen for internasjonal rettferd.

VALLISTE SOGN OG FJORDANE KRF

1. Tore Storehaug, Askvoll, 1992
2. Trude Brosvik, Gulen, 1961
3. Stein Robert Osdal, Selje, 1973
4. Audun Mundal, Gloppen, 1966
5. Beate Bondevik Lie, Luster, 1978
6. Gustav Johan Nydal, Flora, 1960
7. Kari Synnøve Muri, Stryn, 1965
8. Frode Bøthun, Balestrand, 1976
9. Irene Barmen Hoel, Jølster, 1958
10. Odette Girukwayo, Vik, 1983

Foto: KrF



Tore på Tinget



Sogn og Fjordane KrF vil:

- auke barnetrygda for alle og mest for dei med minst frå før
- at det skal vere maks 15 elevar per lærar i 1.-4. klasse
- gje eldre tryggleik om at dei får sjukeheimplass når dei treng det

Kontaktinfo

sfj@krf.no – krf.no/sognogfjordane

Bli med på laget! krf.no/blimedlem/

www.facebook.com/SognogFjordaneKrF



Miljømerket 2041-0796 Trykksak

TRYKK: Østfold Trykkeri AS - www.ostfold-trykkeri.no